

Leikanger 23.10.2017

NVE
nve@nve.no

Høyringsfråsegn til planendringssøknad for Bergselvi i Luster, frå Blåfall AS.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Turlag og NJFF i Sogn og Fjordane i lag med Forum for natur og friluftsliv sender høyringsfråsegn på vegne av de allmenne interessene tiltaket vil ha påverknad på.

3.1 Hydrologi

De negative konsekvensane ved å redusere vann mengda ytterlegare på 500 m strekning omtalast ikkje, naturmangfaldlova vert ikkje vurdert og dei negative effektane dette vil ha for fisk på strekinga vert marginaliserast med at elva allereie er så sterkt negativt påverka og redusert! Kor tålegrense for ytterleg negativ påverknad går, omtalast ikkje på eit fagleg grunnlag i det heile! Dette er for svakt.

Vassføring:

Maks slukeevne er normalt høg medan minste slukeevne som er sett opp er lite med 0,1 og der NVE har konsesjonsgitt 0,12 m³/s, med så lav minste slukeemne meiner vi denne bør oppretthaldast. Konsesjonsgitt minstevassføring = 120 l/s.

Arealtrongen:

Arealbehovet er mindre for alt.2. Både det permanente og mellombels. Kor store eller små inngrep eller ureining og avrenning dette vil gi, er ikkje vist, men store masser gir ofte store ulemper for naturmiljøet i form partikkelspreiing og tilslamming.

Økonomi:

Økonomi: på side 4 under Beskrivelse av tiltaket står det svært ulik kostnad for alt.1 og alt.2 medan det på side 7 under 2.3 Kostnadsforslag visast til ein kostnadsdiffereranse på kun 2,9 millionar. På side 4 er differansen på 50 millionar, og vi tenkar at denne er feil!?

På side 2 omtalast kun miljøinngrepa, der de tekniske inngrepa gir færre konflikhtar med kulturminner, men det utelatast at flytting av kraftstasjon og utløp gir større konflikhtar for fisk og biologisk mangfald, allmenne interesser.

Kostnadsoverslaget for litt lengre vassveg virkar relativt sett ikkje mykje dyrare i høve svært lågare kostnad for fisk og biol mangfald i elva som allereie er sterkt negativt påverka av kraftutbygging.

Påverknad fisk:

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532


Påverknad fisk burde vore omtale betre i konsekvensutreda i høve flytting av utløp nedstrøms i elva. Ved eit utfall av Skagen og stor vassføring i Bergselva vil dette vera uheldig med tanke på stranding av fisk på den 500m lange strekninga.

Fortunselva er kald nedom Skagen. Ved samløpet med hovedelva vil ei utbygging truleg redusera temperaturen i Bergselva med ca. 1,5 grader. Når Bergselva er stor vil dette til ein viss grad ha negativ innverknad på yngelproduksjonen i hovedelva.

Håpar våre synspunkt blir tatt hensyn til i planendingane for Bergselvi kraftverk.

Med helsing

Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane



Elisabeth Dahle
koordinator

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
Marit Vøien Nes, leiar



Sogn og Fjordane Turlag
Ron Overdevest, Naturvernutvalet, leiar

